



Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Vår dato:
04.11.2020

Vår ref:
2020/15164

Dykkar dato:
07.10.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 1/10 - Flatøy - va-anlegg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.10.2020. Saka gjeld søknad om etablering av VA-leidningar ved Håøy friluftsområde i samband med oppussing av Kommandantbustaden med sikte på utleige. Planlagde rørleidningar skal leggjast mellom etablerte sjøleidningar ved kaiområde og kommandantbustaden. Det skal etablerast ny pumpestasjon for avlaupsleidning ved dagens toalettbygg. Vidare omfattar søknaden bygging av ein støttemur i naturstein i sjølinja for erosjonssikring og etablering av straumforsyning for området.

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel om bygging i LNF-område og plan- og bygningslova § 1-8 om bygging i 100-metersbeltet langs sjø.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Det er uklart for oss om oppussing av kommandantbustaden med sikte på utleige treng dispensasjon for bruksendring. Det er òg skissert fleire tiltak ein ønskjer å få til i framtida som toalettbygg, servicebygg og kaianlegg. I dispensasjonssøknaden vert det argumentert med at ein treng VA-anlegg til desse framtidige tiltaka.

Vi meiner det er uheldig å gje dispensasjon til VA-anlegg til kommandantbustaden før ein har på plass naudsynte dispensasjoner til dette tiltaket. Etter det vi kan sjå vil også fleire av dei skissa framtidige tiltaka heller ikkje vere i samsvar med kommuneplanen. Om ein på sikt ønskjer å gjere større inngrep i området, må det vurderast om ein i staden for å leggje opp til mange dispensasjoner i området heller skal utarbeide ein reguleringsplan. Vi viser til at det er store friluftsinteresser i området, og sjølv om dei omtalte tiltaka har tenkt å styrke friluftsinteressane, er det her viktig å få ei god medverknad. Folk som nyttar området kan ha forskjellige vurderinger på kva som er gode grep for framtidig bruk av området. Fylkesmannen meiner det er viktig at ein dispensasjon i denne saka ikkje påverkar komande vedtak i området.



Fylkesmannen vurderer elles at situasjonskartet er uklar på kor støttemuren skal byggast og kor stor den skal vere. Fylkesmannen meiner dette må klargjerast og at støttemuren ikkje bør vere større enn naudsynt. Det er også viktig at ein eventuell dispensasjon sikrar at terrenget vert tilbakeført på ei god måte etter at VA-anlegget er etablert.

Fylkesmannen rår til at kommunen vurderer om ein bør lage ein reguleringsplan for området. Om oppussing av kommandantbustaden for utleige krev dispensasjon, meiner vi at den dispensasjonen må handsamast saman med dispensasjon for VA-anlegg.

Fylkesmannen ber om få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent